




Anna Olava

Genser

Diagram:



Når du strikker rundt, er ikkje m 31 med. Når du strikker fram og tilbake har du med den siste vrangmasken. Ein rapport er på 10 m, gjenta denne så mange gonger som må til.

- = Rett
- ▤ = LLS, løft, løft, strikk dei to vridd r saman
- ▥ = 2 rett saman
- = Kast
- = Vrang
- △ = Løft 1 m av, 2 rett saman, løft den første over
- ◊ = Når du strikker rundt må du flytte MM og overlappe ein m frå forrige omg. Når du strikker flatt er denne kun 2 rett saman eller LLS.

Eg vil gjerne sjå ditt ferdige produkt på Instagram! Tagg med @hettestrikk og #annaolavagenser om du vil.

Elisabeth



Størrelse: 1 (2) 3 (4) 5 (6) 7

Overvidde: 82 (90) 100 (109) 118 (127) 136 cm
(Beregn 5-10 cm i bevegelsevidde)

Garneksempel: HS Angel + HS Angel Lace

Garnmengde: 250 (250) 300 (300) 350 (350) 400 g HS Angel + 125 (125) 150 (150) 175 (175) 200 g HS Angel lace

Pinne: Pinne ca. 3,5 - 4 mm, eller den du må ha for å få rett strikkesfastheit

Strikkesfastheit: 22/10 ferdig blokka (dampa med strykejern)

Denne genseren er strikka nedanfrå og opp, med forkorta rader øverst på både forstykket og bakstykket. Båthals, og lange ermer.

Dette mønsteret dreg seg veldig saman, så når du har strikka eit lite stykke, damp arbeidet lett med strykejern og prøv på eller mål strikkefastheit. Du kan lage prøvelapp og dampe den, men husk at strikkefastheita kan endre seg frå ein liten lapp til eit stort plagg. Uansett vert dette plagget veldig tøyelig og du kan velge å blokke det kraftig i breidda eller i lengda for å tilpasse passform. Beregn 5-10 cm i bevegelsevidde.

Du kan velge om du vil ha vanlig vrangbord eller taggekant nede på ermer og bol. Du kan også velge å legge inn 2 små hol framme på genseren slik at taggekanten vert ein løpegang. Da kan du tvinne/strikke ei snor til løpegangen, slik at genseren kan snurpast saman nede.

Forkortingar:

MM = maskemarkør

vr = vrang

r = rett

VM = vendemaske

LLS = løft, løft, strikk:

Løft 2 m som dei skulle strikkast rett, over på høgre pinne ein for ein. Sett dei tilbake på venstre pinne og strikk dei vridd rett. Maskane skal då legge seg mot venstre.

Ribb:

Legg opp 180 (200) 220 (240) 260 (280) 300 m på pinne 3,5 med italiensk opplegg. Sett ein MM i kvar side. Strikk ribb 1 vridd rett (eller vanlig rett om du ikkje vil strikke vridd vrang i halskanten), 1 vrang i 4 cm.

Taggekant:

Legg opp 180 (200) 220 (240) 260 (280) 300 m på pinne 3,5. Sett ein MM i kvar side og ein midt framme.

Strikk 9 omg rett.

Strikk 1 omg *2 rett saman, kast* Gjenta *-* ut omg.

Strikk 4 omg rett. (Eller 9 omg om du ikkje vil ha løpegang)

Hol for løpegang: Strikk r fram til 8 m før MM midt framme. Strikk 2 r saman, kast, 1 r, flytt MM, 1r, kast, LLS, strikk r ut omg. NB! Hola framme er skeivt plassert pga måten ermholo blir laga!

Strikk 4 omg rett.

Strikk 1 omg rett der du strikker saman oppleggskanten.

Bol:

Skift til pinne 4 og strikk mønster etter diagrammet til arbeidet måler ca. 35-45 cm. Eller ønska lengde før armhol. (Armholo måler 22 (22) 22 (23) 23 (25) 25 cm) Mål på ein annan genser.

Avslutt på ein omg. 20 slik at du startar på starten av diagrammet når du skal dele av.

Berestykker:

No skal du dele arbeidet og strikke forstykket og bakstykket ferdig kvar for seg. Dei to delane er identiske. NB! Dobbelsjekk at hola for løpegang blir midt framme!

Strikk slik: 1 vr, 3 rett, fell 3, 3 rett. Strikk 8 (9) 10 (11) 12 (13) 14 mønsterrapportar slik mønsteret viser, 1 vr, 3 rett, fell 3, 3 rett. Strikk 8 (9) 10 (11) 12 (13) 14 mønsterrapportar slik mønsteret viser. Snu og strikk forstykket og bakstykket ferdig kvar for seg. Dei 3 første og siste m er kantmasker og strikkast i glattstrikk.

Strikk til armholo måler 22 (22) 22 (23) 23 (25) 25 cm, eller ønska lengde minus 2 cm. Prøv på!

Vrangbord:

No skal du strikke 6 omg. vrangbord. 1 vridd rett, 1 vrang på retta, og 1 vridd vrang, 1 rett på vranga. **Kantmaskane er fortsatt 3 m glattstrikk! Bruk samme pinne som på bolen.**

Du kan velge å droppe og vri maskane om du ikkje gjorde det i starten.

Forkorta rader:

Fortsett med vrangbord medan du strikker forkorta rader for å forme genseren:

Strikk vrangbord til det står igjen 5 m (inkl. kantmasker)

Snu, lag VM

Strikk vrangbord til det står igjen 5 m (inkl. kantmasker)

Snu, lag VM

***Strikk vrangbord til 5 m før VM**

Snu, lag VM*

Gjenta *-* til du står igjen med totalt 6 VM på kvar side.

Sett alle maskane på vent på ein maskewire, og strikk andre delen likt.

Skuldrer:

Maske saman 24 (28) 30 (34) 38 (40) 44 m på kvar side. Start ute ved ermeåpninga på begge sider og maske samann innover mot halsen. Prøv på før du fester tråden om du har vid nok hals! Søk opp **Maske sammen ribbestrikk** på YouTube. Lat resten av m stå igjen på pinnen for å strikke halskant.

Halskant:

Sett alle m frå bakstykket og forstykket på pinne 3,5. Plukk også opp 1 m i kvar side. Strikk 2 omg. glattstrikk. Fell laust av. No vil du få ein fin rullekant.

Ermer:

Strikk opp masker i armola. Strikk opp i 2 m, hopp over 1 m. Strikk ein omg. rett og fell ned til nærmaste heile tiar: = 80 (80) 80 (90) 90 (100) 100 m rundt armholo. Strikk mønster etter diagrammet til arma er 3 cm før ønska lengde. Husk mønsteret utvider seg når det vert dampa, så damp plagget og ermet før du feller av.

Fell inn slik at du har 46 (48) 48 (48) 48 (50) 50 m på omg. Skift til pinne 3,5 og strikk vrangbord 1 vridd r, 1 vr i 3 cm, eller taggekant som på bolen.